NR. 2 - MARS 2013 - ÅRGANG 43

KYRKJE-BLAD FOR GLOPPEN

LES OM

KVA SKJER I PÅSKA?

JUBILEUM FOR VEREIDE KYRKJE FULLT PROGRAM

BOK OM VEREIDE KYRKJE

JUBILEUM FOR BEDEHUSET

BESØK FRÅ NEPAL

DÅPSKJOLE TIL LÅNS

WWW.GLOPPEN.KYRKJA.NO

Kyrkja i Gloppen

VEREIDE SOKN
Leiar i soknerådet: Elin Villung,
elin.villung@enivest.net
tlf 57 86 64 84 / 977 16 902
Kyrkjetenar: Benny Aasen, tlf 950 22 917
BREIM SOKN
Leiar i soknerådet:
Aksel Rygg, tlf. 57 86 75 62 / 412 20 458
as-rygg@online.no
Kyrkjetenar: Ingvild Reed. tlf 412 40 309
GIMMESTAD SOKN
Leiar i soknerådet:
Aase Ryssdal Sæther, tlf 57 86 50 51 /
911 07 329 a-ryss@online.no
Kyrkjetenar: Benny Asen, tlf 950 22 917.
HYEN SOKN
Leiar i soknerådet: Liv Øygard Solheim,
tlf. 57 86 96 59 / 958 61820.
liv-sol@online.no
Kyrkjetenar: Ola Jan Birkeland,
tlf. 57 86 98 32 / 975 91 747

Soknepresten i Vereide og Hyen
Olaf Sigurd Gundersen,
Tlf. 57 86 93 85 / 951 36 059.
Tlf. 57 86 96 93. osgunder@online.no
Fungerande soknepresten i Breim og Gimmestad
Asbjørn Gjengedal, tlf 57 86 66 78/
901 73 632 a-gjenge@online.no
Kyrkjeverje: Kurt Djupvik
Kontor i Sandane kyrkje Tlf. kontor:
57 86 56 16 Mobil: 902 06 828.
Fax 57 86 56 47 gfk@iventelo.net
Diakonimedarbeidar i Gloppen:
Britt Randi Heggheim.
Kontor i Sandane kyrkje
tlf: 90847592. bri-rh@online.no
Kantor: Anders Rinde,
tlf. 57 86 71 44 / 997 20 238.
anders.rinde@gmail.com
Vereide kyrkje, tlf. 57 86 93 06.
Gravar/ kyrkjegardsarbeidar:
Ivar Hjelle, tlf. 57 86 58 59 / 970 76 668.
Kyrkjekontoret i Sandane kyrkje:
Tlf. 57 86 56 16.
Opningstid: Tysdag - onsdag - torsdag.
Alle dagar kl. 10.00–14.00.
Elles etter nærare avtale.

Vi møtest i kyrkja

24.03 Palmesøndag Joh 12,1-13	11.00 20.00	Breim Vereide	Opa kyrkje, Olaf Sig Gundersen, ofring til Sjømannskyrkja Gallerikveld, Olaf Sig Gundersen
28.03 Skjærtorsdag Joh 13,1-17	11.00 13.00 12.00 20.00	Hestenesøyra Aa-støylen Utvikfjellet Gimmestad	Gudsteneste, Olaf Sig Gundersen, ofring til NMS Sportsandakt, Terje Holme Gudsteneste, Asbj. Gjengedal Gudsteneste, Olaf Sig Gundersen, Nattverd
29.03 Langfredag Joh 20,1-10	11.00 11.00 20.00	Breim Hyen Vereide	Gudsteneste, Asbj. Gjengedal, Nattverd Gudsteneste, Olaf Sig Gundersen Pasjonskveld, Olaf Sig Gundersen
31.03 Påskedag Matt 26,36-45	11.00 11.00	Vereide Breim	Høgmesse, Olaf Sig Gundersen, Blomeprosesjon. Vereide kyrkjekor, ofring til Kyrkjelydsarbeidet Høgmesse, Asbj. Gjengedal, Blomeprosesjon, ofring til Norsk Misjonsselskap
01.04 2. påskedag Joh 20,1-10	11.00 11.00	Hyen Gimmestad	Høgmesse, Olaf Sig Gundersen, Blomeprosesjon, ofring til Kirkens SOS Høgmesse, Asbj. Gjengedal, Blomeprosesjon, Rygg song-lag, ofring til Søndagskulen i Sogn & Fj.
07.04 2. s i påsketida- Joh 20,24-31	11.00	Vereide	Høgmesse, Asbjørn Gjengedal, Hans Tore Løvås, Nattverd, ofring til Normisjon
14.04 3. s i påsketida Mark 6,30-44	11.00 11.00 16.00	Breim Hyen Vereide	Høgmesse, Olaf Sig Gundersen, Nattverd Høgmesse, Asbjørn Gjengedal, Årsmøte i NMS-Nordfjord, ofring til Norsk Misjonsselskap Temagudsteneste, Olaf Sig Gundersen, Konfirmantane deltek, ofring til Mexico-aksjonen
21.04 4. s i påsketida- Joh 14,1-11	11.00 11.00 11.00	Hyen Gimmestad Sandane	Samtalegudsteneste, Olaf Sig Gundersen Samtalegudsteneste, Asbjørn Gjengedal, ofring til Kyrkje-lydsarbeidet Søndagssamling,
24.04 onsdag	20.00	Sandane	Opa kyrkje, kl. 20.30 orgelmusikk og kveldsbøn,
28.04 5. s i påsketida- Joh 17,6-11	10.30 11.00 11.00	Vereide Vereide Breim	Lovsongstund Samtalegudsteneste, Olaf Sig Gundersen, ofring til KRIK Samtalegudsteneste, Asbjørn Gjengedal, ofring til Kyrkje-lydsarbeidet
05.05 6. s i påsketida- Matt 6,7-13	11.00	Sandane	Høgmesse, Sig Vengen, Nattverd, ofring til NKSS, Laget
09.05 Kr. himmel- fartsdag Joh 17,1-5	11.00 11.00	Breim Hyen	Konfirmasjonsgudsteneste, Asbjørn Gjengedal, ofring til Kyrkjelydsarbeidet Konfirmasjonsgudsteneste, Olaf Sig Gundersen, ofring til Kyrkjelydsarbeidet
12.05 s før pinse Joh 16,12-14	10.30 11.00	Vereide Vereide	Lovsongstund, Høgmesse, Olaf Sig Gundersen, Nattverd, ofring til Blå Kors
17.05 Luk 17,11-19	10.15 11.00 12.00 15.00	Hyen Breim Vereide Gamle Gimmestad	Festgudsteneste, Olaf Sig Gundersen, ofring til Nytt høgtalaranlegg Festgudsteneste, Asbjørn Gjengedal, ofring til Redd Barna Festgudsteneste, Olaf Sig Gundersen, ofring til KFUK/ KFUM speidarane Festgudsteneste, Olaf Sig Gundersen,
19.05 Pinsedag Joh 14,23-29	10.00 12.00 11.00 11.00	Vereide Vereide Breim Gimmestad	Konfirmasjonsgudsteneste, Olaf Sig Gundersen, ofring til Kyrkjelydsarbeidet Konfirmasjonsgudsteneste, Olaf Sig Gundersen, ofring til Kyrkjelydsarbeidet Høgmesse, Sig Vengen, ofring til Menighetsfakultetet Konfirmasjonsgudsteneste, Asbjørn Gjengedal, ofring til Kyrkjelydsarbeidet
20.05 2. pinsedag Joh 14,23-29	11.00	Hyen	Høgmesse, Asbjørn Gjengedal, Nattverd, ofring til Diakoniarbeid i Gloppen
26.05 Treeiningssøn- dag Luk 24,45-48	11.00 18.00	Vereide Vereide	Familiegudsteneste, Olaf Sig Gundersen, Song av Sandane Soul Children Konsert, Bergen domkor, dir. Kjetil Almenning,

Tid for betaling

Av Oddvar Almenning

I fjor blei vi seine med å be om bladpengar. Difor er det ikkje eit år sidan du betalte, kanskje. Men vi har tenkt at vi skal halde same rytmen som tidlegare, med krav om betaling i det same nummeret som vi presenterer rekneskapen for fjoråret. Dersom du les rekneskapen grundig, vil du sjå at den frivillege betalinga ikkje dekker alle våre utgifter, så vi treng tilskot og annonsepengar i tillegg. Men vi veit kva som skal til for å gje bladet ein solid økonomi!

Takk til deg som betaler!
Du er ein av dei 511 betalarane som gjer at bladet i det heile kan kome ut! Bankutskrift er oppløftande lesnad! Betalt kr. 200, kr. 300, kr. 500! Å telje opp kor mange som betaler, er meir nedslåande.

Les du kyrkjebladet gratis?
Vi kjem nok til å spreie bladet til alle postkasser i Gloppen anten du betaler eller ikkje. Vi har meir enn 150 betalande abonnentar utanfor Gloppen. Dei får bladet tilsendt i posten, og meir enn hundre av dei har betalt siste år. Det betyr at vi legg bladet i 2300 postkasser i Gloppen, og at om lag 300 av mottakarane sender inn betaling.

Fleire kan betale mindre!
Dersom 25% av dei som får bladet i postkassa betaler kr. 200,- kvar, får vi inn 100 000 meir enn før! Då kunne vi laga eit endå betre blad. Difor treng du ikkje tenkje på om du har betalt før eller ikkje. Du berre betaler ein hundrelapp eller to og er glad til!

Vi arbeider gratis
Berre for ordens skuld nemner eg at redaksjonen og alle som skriv i bladet, gjer det gratis. Det gjer og alle dei som køyrer rundt til postkassene med blad og ho som fører rekneskapen. Alt vi får inn går til lay out, trykking og frakt frå trykkeriet og hit. Og vi betaler bladpengar. Takk for at du vil gjere det same.

Rekneskap for Kyrkjeblad for Gloppen 2012

Inntekter				
Gåver, bladpengar	kr	160.078,00		
Annonseinntekter	kr	18.000,00		
Renter	kr	48,00		
Utgifter				
Trykking			kr	129.245,29
Layoututgifter			kr	23.520,00
Porto			kr	37.912,32
Kostnader bank			kr	304,00
Ymse utlegg			kr	85,00
Sum	kr	178.126,00	kr	191.066,61
Underskot	**kr**	**12.940,61**		
	kr	191.066,61	kr	191.066,61

Balanse

Eigedelar	**2011**		**2012**	
Bank	kr	40.129,26	kr	67.457,65
Filmkasse	kr	269,00		
	kr	40.398,26	kr	67.457,65

EK og gjeld	**2011**		**2012**	
Eigenkapital	kr	40.398,26	kr	27.457,65
Lån			kr	40.000,00
	kr	40.398,26	kr	67.457,65

Kostnader som gjeld 2012 men som er betalt i 2013:

Porto for blad nr. 7/12	kr	2.117,12
Svale rest oppgjer 2012	kr	53,10
Blankett- feilproduksjon av giro	kr	620,00
	kr	2.790,22

Merk at vi no har eit lån på	kr	40.000
Fekk og eit tilskot på	kr	20.000

Det betyr at vi har brukt meir enn vi har i vanleg inntekt!

Sandane 11.02.2013

Inger Almenning
kasserar

Hyen, 7.03.2013

Rekneskapen er revidert og godkjent.
Elias Eimhjellen
revisor

Kyrkjeblad for Gloppen

Utgjeve av sokneråda i Vereide, Breim, Gimmstad og Hyen.
Kjem ut minst 7 gonger i året på Sandane.
Betaling etter ønske. Bankgiro 3705 04 71307

Grafisk design: Heinz Aemmer, Deknepollen
Trykk: Druka, Klaipeda
Rekneskap: Inger Almenning, Sandane
Tlf. 99 16 40 89
Distribusjonsansvarleg: Oddbjørn Almenning
Tlf. 94 27 89 52

Redaktør: Oddvar Almenning
Tlf. 57 86 94 24 / 400 04 377
Epost: oddvar@svale.no

Redaksjonsnemnd:
Olaf Sigurd Gundersen, soknepresten
Tlf. 57 86 93 85 / 951 36 059
Epost: osgunder@online.no

Anders Rinde, administrasjonen
Tlf. 57 86 93 06 / 997 20 238
Epost: anders.rinde@gmail.com

Harald Aske, Vereide sokn
Tlf. 57 86 57 30 / 970 24 915
Epost: harald.aske@enivest.net

Jostein Fløtlo, Breim sokn
Tlf. 57 86 81 72 / 909 46 703 / 941 92 515
Epost: jostein.flolo@enivest.net

Einar Gimmestad, Gimmestad sokn
Tlf. 57 86 77 56 / 992 54 493
Epost: einar@gimmestad.no

Aslaug Heimset Larsen, Hyen sokn
Tlf. 57 86 98 67 / 995 24 502
Epost: tor.arne.larsen@enivest.net

Aase Ryssdal Sæther, korrekturlesar
Tlf. 57 86 50 51 / 911 07 329
Epost: a-ryss@online.no

Kyrkjeblad for Gloppen nr. 2, 2013

”Se hva som skjer…”

Av Karen Margrete Eikenes Mestad

Ved hjelp av ein kort snutt og vignetten ”Se hva som skjer”, prøver ein av dei store TV- kanalane å skaffe seg sjåarar til komande tv-program. Dei gir oss ein liten smakebit og håper at det vil gje oss lyst til å sjå meir. Ja, sjå kva som skjer.

Vi skal snart feire påske. Ei høgtid som rommer alt av drama ein kan ynskje seg; her er det både kjærleik, svik og drap. I tillegg blir det heile toppa med ei spektakulær og tilsynelatande overraskande avslutning. Samtidig kan det vere lett å tenke; Eg har høyrt det før, og eg veit kva som skjedde: Jesus rei inn i Jerusalem palmesøndag, vaska beina til disiplane og innstifta nattverden skjærtorsdag, han vart krossfesta og døydde langfredag, og så stod han opp igjen søndagen. Vi har høyrt det før. Vi kan det. Og så lar vi påska komme og gå utan at vi kanskje eigentleg har fått med oss kva som har skjedd.

Ja, for kva med å stoppe opp og verkeleg sjå kva som skjer? Kva med å sette seg ned, slå opp i eit av evangelia og lese påskedramaet i samanheng? Kva med å prøve å få med seg gudstenestene dei ulike påskedagane og på den måten leve med i det som skjer? Kva med å prøve å bli betre kjent med hovudpersonen og motiva han hadde for å gjere det han gjorde? Prøve å sjå kva som eigentleg skjedde, og ta inn over oss konsekvensane av det?

For det er når vi vågar å sjå kva som skjer, at påska sin bodskap kan gjere noko med oss. Det er når vi ser etter at vi kan oppdage at hendingane i påska har konsekvensar både for livet her og no og for æva. Så: Se hva som skjer!

”Sanneleg, våre sjukdomar tok han,
vår smerte bar han.
Vi tenkte: Han er ramma,
slegen av Gud og plaga.
Men han vart såra for våre brot,
knust for våre synder.
Straffa låg på han, vi fekk fred,
ved hans sår vart vi lækte.”
Jesaja 53,4-5

VI, PAVEN OG MUSLIMANE

AV Olaf Sigurd Gundersen

Det var kong Kristian II som melde oss ut av den katolske kyrkja. Det er vel neppe aktuelt å søkje om nytt medlemsskap, sjølv om Statskyrkja fell. Men dersom det økumeniske arbeidet lukkast, kan det kanskje verte som ein EØS-avtale, om ikkje ei fri handelsavtale når det gjeld teologi, så ein fri nattverdavtale.

Paven er det sterkaste felleskristne symbolet vi har. Når pave Benedikt den 16. gjorde det kjent at han abdiserer den 28.02.2013, kvitterte den norske pressa med å trekkje fram skandalane i den katolske kyrkja, og skreiv om pave, prevensjon og pedofili. Dei var mot kyrkja, men for kvinnelege katolske prestar. Det vart tvittra i veg om juksepave og aust på med pavevitsar. Store deler av den norske pressa har sett på verda gjennom sterkt sekulariserte briller. Det å ikkje vere religiøs vert sett på som normalt, og det å vere religiøs, vert sett på som sært og unormalt.

President Obama heldt nyleg ei tale til nasjonen der Gud var så sentral at tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik sa at han tvilte på om han hadde hatt mot til å halde den tala som statsminister i Norge.

I Norge er det nærast tabu å gje uttrykk for takk og tillit til Gud. Det er den kulturelle eliten som har tilrana seg definisjonsmakta og avgjer kva som er korrekt. Religion er nærast tabu, og partipolitikk forkynt som eit livssyn. Men dette tabuet held på å slå sprekker, kanskje ikkje minst takka vere muslimane.

Dei norske kristne har funne seg i at Bibelen vart brent offentleg på TV, kristentrua håna og samfunnet tappa for kristne verdiar. Men muslimane har stått fram med krav om bønerom, bønetider, hijab og halalkjøt. Muslimane har ikkje godteke å verte skubba til sides, slik norske kristne har. Merkeleg nok har dei som sterkast har teke til orde for at muslimane må få vere muslimar, også vore dei som har ledd mest av norske kristne. Men det vert vanskeleg i lengda å hevde ja til muslimar og nei til norske kristne.

Vi ser framveksten til ein ny allianse, ikkje berre mellom protestantar og den katolske kyrkja, men også mellom muslimar og andre som har ei Gudstru. Stundom kan det virke som om det norske kristenfolket har gitt opp - sovna inn av sekulær påvirking. Vi har noko å lære av muslimane i landet vårt, som står opp for trua si.

Ei gallup nyleg viste at 63% av folket ønskjer ei kristen grunnlov. Ein måte å synleggjere det på, er å leggje seg til vane å gå til kyrkje søndag kl 11. Kyrkjegang er identitetsskapande. Kyrkja er ikkje klubbhuset for dei spesielt interesserte. Det er Guds hus og slekta sitt hus.



Er du over 60 år og fødd i eit årstal som sluttar på 9 ?

I så fall er det truleg at du er konfirmant-jubilant i år. Invitasjonen kjem ikkje heilt endå, men vi vil fortelje deg kva dato som skal brukast, slik at du kan få skrive det inn i kalenderen din, for dette bør du få med deg. Dato for samlingane blir mest truleg desse:

For Hyen: 15.september
For Vereide og Gimmestad: 28.-29.september
For Breim: 5.-6.oktober

Med helsing
sokneråda

Ved døypefonten frå v. Kristina Håvik, Else-Mari Nyheim, Cecilie Tveit, Emilie Borghild Gimmestad Vik, Elias Skogli og Aleksander Vereide. Leiarane frå v. Håvard Endal Husevåg, Magni Evebø Sand og Tarjei Vereide.

Gruppa til Trond Haugen. Frå v. Magnus Fagerås, Dorte Maria E. Heggheim, Amalie Haugen og Mikael Midtkandal

TÅRNAGENT HELG i Vereide kyrkje 26. og 27. januar

Tekst og foto: Harald Askew

Kyrkjetårnet og andre hemmelege stader i kyrkja er skjulte skattar for dei fleste born - og vaksne med.
Tårnagentar løyser oppgåver og utforskar kyrkja. Dette har blitt ein del av trusopplæringa i dei fleste kyrkjelydane i landet vårt.

Laurdag hadde mange 8-åringar (3. klassingar) møtt opp i Vereide kyrkje. Borna vart delte inn i grupper med vaksne leiarar og deretter sende opp i tårnet, til organisten ved orgelet, til kyrkjeskipet og sakristiet. Men kanskje nokon tykte det var spesielt spennande å gå ute med hovudlykt og finne oppgåver på kors og gravminne i vinterkvelden.

Etter ei god økt med slike oppgåver, var det fint å samlast på galleriet og få pølser og saft. Men der var meir som skulle gjerast. Arne Nesgård fortalde om korleis det gjekk med Jesusbarnet, Josef og Maria etter at Jesus var fødd i Betlehem, og dei måtte flykte til Egypt. Tårnagentsongen skulle øvast inn til gudstenesta på søndag, eit måleri skulle målast, og somme fekk oppgåver av Asbjørn Gjengedal som medliturgar.

Alle som kom til Vereide kyrkje søndag, fekk både sjå og høyre resultatet av det tårnagentane hadde arbeidd med.

Gjengedal viste til det store måleriet i preika si. "Ser de nærare på dette måleriet, ser de Jesus mellom alt det andre. De ser korset og hjertet som uttrykkjer kjærleik. Alt blir annleis der Jesus kjem til. Då kan det gode vekse fram. Det gode kornet, orda frå Gud, kan spire og bere god frukt i hjertejorda."

Førebuing av gudstenesta søndag. Asbjørn Gjengedal orienterer Mariann Endal Husevåg og Gunhild Nesgård som var medliturgar.

Gruppe 4 i tårnet. Agent 823, Kristina Håvik, prøver klangen i klokka.

Ingrid Odland Eikenæs

Ingrid Odland Eikenæs har budd på Sandane sidan 1992. Ho er gift med Olav og dei bur i barndomsheimen hans saman med Åsmund. Dei to andre borna er Erlend og Anne Mari som begge bur i Oslo. Posten har vore arbeidsgjevar i 43 år, og ho har no sitt virke ved Nordfjordeid postkontor. Ho gjer teneste i kyrkja som frivilleg medarbeidar i Sandane søndagsskule.

Han tek ikkje glansen av livet

Denne salmen, med tekst av Trygve Bjerkrheim, vart mykje brukt på ungdomskveldane heime i Steinsdalen. Eg kjende kallet frå Jesus, men eg hadde lyst «til å leva litt» fyrst, for eg trudde ikkje det var så spennande å vera kristen. Heldigvis fekk ingen indre «dårande røyster» meg frå å velje vegen med Jesus. Nei, ingen legg lys over vegen som Jesus og kjærleiken hans.

Eg vaks opp på eit småbruk saman med mor, far, fem søsken og to bestemødre. Dei to eldste, som begge var enker, vart gode førebilete for meg med sine levde liv og trygge tru. Steinebesto var svært open om trua si, og ho hadde opplevd å miste fire av ni born medan dei var barn og unge. I brattaste bakkar hadde ho fått hjelp, og ho var viss på å møte att borna i himmelen. Dette bar eg med meg då eg var 18 og miste min eldste bror, Kristoffer. Trua på Jesus hjelpte familien min gjennom den vanskelege tida og den botnlause sorga. Han signar dei sollyse sletter og lyser i døds-skuggens dal.

Orda i denne salmen får meg til å kjenne takksemd til livet og alle menneske eg har møtt som har vist meg kven Jesus er. Han som er vegen, sanninga og livet. Eg trur at Jesus vil føre meg frelst over fjorden, og framme ved den himmelske strand vil han dra båten i land. Der vil han opne døra til salar med æveleg høgtid. Mitt beste ønske til deg som les dette er eit godt liv med din beste venn, Jesus. Han tek ikkje glansen av livet!

NORSK SALMEBOK nr. 346

Han tek ikkje glansen av livet,
den Frelsar som kaller på deg.
Fyrst då kan for alvor du leva
når han får deg fylgja på veg.

Du høyrer dei dårande røyster
som lovar deg gullglim og glans,
men ingen legg lys over vegen
som Jesus og kjærleiken hans.

Han hjelper i brattaste bakkar
og stør deg når vegen vert smal.
Han signar dei sollyse sletter
og lyser i døds-skuggens dal.

Han fører deg frelst over fjorden,
heilt fram til den himmelske strand.
Når døden sin brotsjø du møter,
vil Jesus dra båten i land.

Han tek ikkje glansen av livet,
han gyller din morgon og kveld
og opnar ei dør til dei salar
der æveleg høgtid du held.

(Trygve Bjerkrheim 1950)

Eg gir Min salme-oppdraget vidare til Ingrid Aske

Vi held fram med tekster som Asbjørg har klipt:

Tekst frå Luthers vesle katekisme (1529), det femte bodet med forklaring, og utdrag frå Luthers forklaring slik den står i Luthers store katekisme. I føreordet skriv Luther at boka er skrive med tanke på undervisning av borna og dei enfoldige!

Femte bodet

Du skal ikkje slå i hel.

Kva tyder det?
Vi skal ottast og elska Gud,
så vi ikkje skader nesten vår på kroppen
eller gjer han noko vondt,
men hjelper han og stør han i naud og fare.

For det annet er det ikke bare den som gjør noe vondt mot sin neste, som overtrer dette budet. Nei, det gjelder også den som kan gjøre noe godt mot ham, som kan forebygge, avverge og hindre at han blir påført noe vondt eller noen skade på legemet, og ikke gjør det. Hvis du nå kunne gi en naken klær, men isteden lar ham gå, så har du latt ham fryse i hjel. Hvis du ser en som sulter, uten å gi ham mat, så lar du ham dø av sult. Og hvis du ser en uskyldig som blir dømt til døden eller kommer i lignende nød, og du ikke redder ham om det står i din makt, så har du drept ham. Og det vil heller ikke hjelpe deg at du sier du ikke har hjulpet til med råd og dåd. For du har unnlatt å yte ham den hjelp som kunne reddet livet hans.



Er det Jesu likklede?

Av Jostein Andreassen

Jostein Andreassen er forfattar av boka ”Likkledet i Torino – Et tegn for vår tid”, som kom ut på Luther forlag i 2011. I denne tankevekkjande artikkelen deler han av den 30-årige interessa si for likkledet.

Våren 2010 blei det som kallast Likkledet i Torino, stilt ut i domkyrkja der i byen, lengst nordvest i Italia. I løpet av vel ein månad kom det to millionar menneske frå heile verda for å sjå det, mellom anna også underteikna. Dette var ei svært sterk oppleving. Under utstillinga i 1978 kom det 100.000 kvar dag i 35 dagar!

Dette likkledet er veve av lin. Det er vel 4 X 1 meter i storleik og viser eit avtrykk av ein korsfesta og tornekrona mann. Det er ekte blodflekkar på kledet etter mange sår i hovudbotnen, han har skrubbsår i panna og på knea som viser at han har ramla. På ryggen er det merke etter ca 120 piskeslag. Det er sårmerke i handledda og i føtene og merke etter eit stort sår mellom 5. og 6. sidebein, akkurat så stort som eit romersk spyd

Dette likkledet er i særklasse det objektet i verda som har blitt mest undersøkt vitskapeleg. Mange meiner at det er likkledet som Jesus frå Nasaret vart lagt i. Har dei rett?

Løyndomen ved blomsterstøvet

Alt i 1973 hadde den sveitsiske professoren, Max Frei-Sulzer, teke pollenprøver frå kledet som han brukte dei neste to åra på å analysera. Frei-Sulzer hadde teke doktorgrad på blomsterstøv, og han visste godt at kvar einskild blomsterart har ei eigenarta utsjånad på pollenet sitt. Dette fyk rundt overalt i vinden i blomstringstida.

Frei-Sulzer fann med mikroskopet sitt om lag 50 ulike slag av pollen, og han kunne etter kvart slå fast at desse blomsterartane stamma frå Torino-området, Sør-Frankrike, Istanbul-området, Urfa-området i Sør-Tyrkia og Jerusalem. Dette var heilt i tråd med historia om kvar likkledet har vore.

I 1988 fekk ein gjort ei C-14-datering av kledet, og då kom dei fram til at likkledet stamma frå år 1260-1390. Med andre ord var kledet falskt! Men i ettertid er det prova at denne prøva blei teken frå eit hjørne på kledet som viste seg å være reparert etter ein brannskade i 1532. Det var med andre ord den innvovne lappen dei tidfesta!

Men la oss nå tenkje oss at ein svindlar fikk laga dette kledet ca år 1300. Då må han ha vore utruleg dyktig. Han må ha funne opp fotograferingskunsten 530 år tidlegare enn det vi kjenner til. Biletet av personen på kledet er nemleg som eit fotografisk negativ. · Svindlaren må ha oppdaga blod-omlaupet 330 år før William Harvey. Vene- og arterieblod finst på dei riktige stadane på kroppen. · Han skal på ein genial måte ha greidd å plassere ca 120 slagmerke av ei romersk pisk på kledet. Det er så nøyaktig gjort at ein kan sjå av mønsteret at den eine som slo, har vore litt høgare av vekst enn den andre. · Svindlaren har skapt eit bilete på ein for oss ukjent teknisk måte – det er utan retningsstrok og kan best oppfattast på fem meters avstand. Biletet er tredimensjonalt. Kven kunne laga eit slikt bilete for 700 år sidan? · Han må ha fått tak i romerske myntar, ”leptonar”, fra år 29 og 30 og lagt dei på augo av figuren. Ein kan lesa delar av innskrifta TIBERIOU KAISAROS (”tilhøyrande keisar Tiberius”, som var keisar på Jesu tid). · Svindlaren må ha utstyrt kledet med ulike typar pollen frå fleire stader rundt Middelhavet. Dette var 300 år før mikroskopet blei funne opp. Korleis kunne ein person på 1300-tallet vita at kvar einskild planteart har pollen med ei heilt særmerkt utsjånad? Ein må nemleg mikroskopera dette 100-1000 gonger for å kunne sjå det. · Det finst ei mengd av store og små blodflekkar på kledet. Desse har størkna og klistra seg til hår og hud på mannen. Men alle viser seg ved omhyggelig mikroskopering å vera ”urørte”. Kledet har ikkje blitt rive av for å fri han frå det. Den korsfesta mannen har rett og slett ”forsvunne” ut av kledet og lete att eit avtrykk på stoffet. · Vi kjenner bare ein einaste person gjennom heile verdshistoria som både blei korsfesta og tornekrona: Jesus frå Nasaret.

Vi kunne ha gjort lista lenger med mange andre detaljar som sannsynliggjer at kledet er Jesu eige likklede. Stadig fleire personar interesserer seg for kledet, og det fins mykje stoff om det på internett. Ein god stad å starte er www.shroud.com.

Fordi vitskapelege undersøkingar blir sanningsvitne om Jesu oppstode, er Likkledet i Torino blitt eit teikn for tida vår. Vitskap og tru ser faktisk ut til å gje same svaret! Det gjer i alle fall meg nysgjerrig.

Her er det Kasper Hysing Sikora som blir døypt i den fine kjolen. Det skjedde andre juledag 2012, som vi ser i Gimmestad kyrkje. Dei glade personane er frå venstre: Far Marcyn Sikora med storebror Emil Hysing Sikora på armen, morfar Ola Bolstad, prest Sigurd Vengen med Kasper på armen, mormor Jenny Hysing og mor Liv Bolstad Hysing. Foto utlånt av familien.

Dåpskjole til utlån

Tekst Gunn Hole og Oddvar Almenning
Foto Anders Rinde

Dersom nokon treng å låne ein dåpskjole, er det berre å ta kontakt med kyrkjeverje Kurt Djupvik. Det var ei bibelgruppe på Sandane som kom på ideen, og som gjorde tanken til røyndom. Vi let ei av damene i gruppa, Gunn Hole, fortelje om korleis det heile kom i stand.

Vi er sju damer som bruker å samlast eit par gonger i månaden til eit godt måltid, studie og samtale. Gruppa har sitt utspring i bibelgruppene som i si tid vart starta på Nordfjordheimen. Vi er stadig på leit etter gode bøker å lese og samtale om. Våre favorittforfattarar så langt har vore Margaretha Melin, Per Arne Dahl og ikkje minst Sunniva Gylver. Opp gjennom åra har det blitt mange bøker, og via Kristelig studieforbund har vi fått dekka utgiftene. Desse pengane har vi sett inn på ein felles konto. Først kom ideen om å gi ei julekrybbe til Sandane kyrkje. Det gledde oss at ho vart vel tatt i mot.

For eit par år sidan vart vi klar over at det kunne vere behov for eit dåpskjole til utlån. Ikkje alle har dåpskjole tilgjengeleg, og ein ny kostar ganske mykje når ein tenkjer på kor sjeldan dette plagget vert brukt. Etter ein avklarande runde gjekk vi i gang med å skaffe dåpskjole. Valet fall på ein enkel, fin dåpskjole i bomull frå Tone B Rasmussen, Designsøm. Han passar for begge kjønn og kan pyntast med rosa eler blå sløyfer. Då ho høyrde at dåpskjolen var ei gåve til kyrkja, fekk vi med ein bomullspose til oppbevaring, med Sandane kyrkje brodert på.

Tanken vår var at kjolen kunne lånast gratis mot ei betaling som dekka vask og stryking, men dette må dei tilsette i kyrkja bestemme.

Vi har ikkje oversikt over kor mange gonger dåpskjolen har blitt nytta, men veit at han har vore i bruk. Sandane kyrkje oppbevarar han.

I Krist er ikkje aust og vest--

Eit møte med Caleb Sherpa og Jan Magne Moi

Av Asbjørg Apalset Foto Harald Aske

Fredag 22.februar var det Nepal-kveld på bedehuset på Sandane. Der var Caleb Sherpa frå Nepal og regionleiar Jan Magne Moi og fortalde om samarbeidet dei hadde i vekene før jul.

Først ein presentasjon av desse to.

Caleb er fødd i 1980 i Solukhumbu distrikt i Nepal, det distriktet der Mount Everest ligg . Dei var 13 sysken, av dei lever fem jenter og fire gutar. Caleb vart fødd inn i ein buddhistfamilie. Han er gift og har ei dotter på eitt år.

Jan Magne er fødd i 1956 og er utdanna lærar. Han er gift med Ingunn. Dei har tre born og to borneborn. Jan Magne vaks opp med Indremisjonen, seinare Normisjon, og Den norske kyrkja. Han har vore lærar ved Den norske skulen i Kathmandu og kjenner godt landet og folket . Han har lagt att mykje av hjartet sitt i Nepal, og dei siste åra har han vore reiseleiar for misjonsinteresserte på turar dit. Han er no regionleiar for Normisjon Sogn og Fjordane.

I haust/vinter har Jan Magne og Caleb reist kring i Nepal, og dei var også innom santalane i Sør Nepal.

To totalt ulike utgangspunkt.

Kva er bakgrunnen for at to menn med så totalt ulike utgangspunkt har funne kvarandre i eit slikt arbeidsfellesskap? Vi må gå tilbake og få høyre om Caleb sin veg til kristentrua: For å få vidare utdanning på college, måtte han reise til Kathmandu. Der budde ei eldre syster, og han fekk bu hos henne. Ho sette som krav for å få lov å bu der, at han gjekk til kyrkja om laurdagane (kyrkjedagen i Nepal). Han prøvde å protestere, men hadde ikkje noko val dersom han skulle få noko utdanning. Dei andre elevane fekk vite at han gjekk til kyrka, og han fekk ein del negative reaksjonar på det. "Får du pengar frå kyrkja for å gå dit?" Det var eitt av spørsmåla han fekk. Etter å ha gått der ei tid, vart han meir og meir glad i songen. "Dei snakka til han", og i 1996 vart han kristen. Det høyrer med til soga at den myndige storesyster vart kristen seks år seinare. Når ho tvinga han til kyrkja ,var det for å leie han inn i eit miljø utan røyk og drikk, og det fann ho i kyrkja.

Då foreldra fekk høyre at han var blitt kristen, fekk han brev frå dei der det stod: "Det du har gjort er ikkje godt for familien og landsbyen." Familien fekk trugsmål om at dei skulle bli jaga frå landsbyen, dei fekk og skulda for ei tragisk ulukke der sidan dei hadde kristne born.

No er tilhøve til foreldra godt. Av dei ni søskena er sju kristne. Ein bror er buddhistmunk i India.

Ei sherpakyrkje.

I Nepal er det fleirtal hinduar, men Caleb vaks opp i eit distrikt med buddhisme. I Kathmandu var det ei kyrkje der språket var nepali, men han ynskte at evangeliet kunne bli forkynt til hans eige folk på deira eige mål. Sidan det ikkje var Bibel eller songar på sherpaspråket, var det å byrje frå grunnen av. Caleb har vore med i bibelomsetjing i 10 år, og det vert rekna med at NT vert utgjeve til hausten. Det er den første boka som er utgjeve på dette språket.

Kva gjer ein når det ikkje finst songar på eins eige mål? Mor hans, som var svært sint på borna sine som hadde vorte kristne, måtte på sjukehus i Kathmandu. Ho budde då hos dei. Caleb nytta tida til å lære av henne tradisjonelle melodiar som sherpane hadde. Til dei sette han bibelske tekstar. No er det 40 salmar som vert nytta i gudstenestene.

No er det ei kyrkje i Kathmandu med om lag 70 kristne. Caleb reknar med at det i alt er 200, spreidde ut over landet. Mange arbeider med trekking.

Ei sherpagudsteneste er bygd opp med preike, song og fellesbøn. Fellesbøna skil seg ut frå vår praksis: Der ber alle høgt, samtidig! Det er nattverd ein gong i månaden. For vestlege ryggar kan det vere vanskeleg å sitje på golvet under heile gudstenesta, men dersom ein er så heldig å ha ein vegg å stø seg til, går det bra. Det som gjer mest inntrykk er den gløden som pregar kyrkjelyden.

Kvar gudsteneste vert avslutta med at medlemmer i kyrkjelyden deler "blessings", noko dei har å takke for, eller nokon som treng forbøn.

Kristen i Nepal - kristen i Noreg.

Eg bad Caleb og Jan Magne reflektere litt om å vere kristen i Nepal og i Noreg. I Noreg har vi tradisjon, vi har kyrkjebygg, vi har eit samfunn som tek seg av oss så vi kan vere ganske fri for suter. Vi har hatt Bibelen på vårt språk, i stadig nye omsetjingar. Salmebøker har vi òg, med norske og omsette salmar. Det er flust med kristen litteratur, det er høve til å ta utdanning innan teologi og bibelkunne.

I Nepal er det uforståeleg at nokon kan vere ateist. Alle trur på noko. Jamvel maoistane er knytte til ein religion, nokre er kristne! Jan Magne seier det er som å kome heim når han kjem til Nepal . Der er det meir akseptert å vere kristen og å leve eit kristenliv. I Noreg må ein meir "passe måten" med den religiøse utfaldinga. I Noreg har vi den sterke individualiseringa av religionen. I Nepal skal du gå til kyrkje. Det er der du høyrer heime. Vi treng samfunn med Gud og kvarandre. I Noreg kan vi oppleve at ingen spør etter deg om du uteblir frå gudstenesta. Norge er eit velsigna land, seier Caleb. I det ligg det òg at Gud ikkje må flytta lampa frå dette landet. I Nepal ynskjer dei å bygge kyrkjer, små enkle bygg, såpass tett at ingen treng å gå meir enn to timar for å kome til kyrkje. Kor mange kyrkjer kan vi nå med å bile i to timar? Caleb var på ei gudsteneste ei fin kyrkje i Oslo, det var 15 til stades. Han er varsam så det ikkje skal bli oppfatta som kritikk, det er meir ei sorg.

Jan Magne seier vi må bry oss om andre menneske og forkynne med gjerningar: "Share and Care people". Dette mottoet er også namnet på ein organisasjon som hjelper vanskelegstilte i Nepal.

Jan Magne er i Nepal ein gong for året. Då vitjar han ulike kyrkjelydar og ein del prosjekt som Normisjon har. Eg veit han og kona Ingunn er gode medarbeidarar i Nepal framleis. Deira kontaktflate er stor , både der og her heime. Veit dei om nokon som treng strakshjelp i Nepal, vert det rekt ut ei hand.

Når han er i Nepal med sitt reisefylgje, gjer dei seg nytte av Caleb sitt trekkingbyrå. Nordfjord Folkehøgskule har hatt Caleb som lokal reiseleiar i fleire år, og han fekk vitje skulen på si reise i Sogn og Fjordane.

Helsing til oss nordmenn:

Caleb si helsing til oss nordmenn er: Nåden er det sentrale i kristendommen. Gløym ikkje fellesskapet! Fyll kyrkjene, elles vert dei nedlagte! Det hjelper ikkje med praktbygg dersom dei er tome.

Felles og fellesskap.

Felles for desse to er: Dei brenn for at evangeliet skal bli forkynt til frelse for alle folkeslag.

Hans folk er eitt i tru og von - på all den vide jord.

Nepal ligg mellom Kina og India.
Storleik: Knapt halvparten av Noreg.
Folketal: Mest 30 millionar.
Ein stor del av Himalaya ligg i Nepal, m.a. Mount Everest. Vel 80% er hinduar og 10% buddhistar.
Sherpa tyder „eit menneske frå aust", ei folkegruppe som tidlegare var nomadar.
Språket er ei tibetansk dialekt, og dei er lamabuddhistar. (Ein av Caleb sine onklar er lama).
Vi kjenner dei helst som berarar ved ekspedisjonar, og dei fleste trekkingbyråa er åtte av sherpaer. Området er også «heimstad» for Den avskyelege snømannen, yeti, som er ei gåte for både leke og lærde.
Noreg har ambassade i Kathmandu.

Kyrkjeblad for Gloppen nr. 2, 2013

VEREIDE KYRKJE

Kyrkje og kyrkjelyd gjennom 850 år

Vereide Kyrkje 850 år

Stor jubileumsfeiring

26.mai - 2. juni

Napp ut program!

Søndag 26. mai kl.11: JUBLANDE FAMILIEGUDSTENESTE

Ved jubileet ser vi tilbake og gled oss over alt kyrkja har gjeve oss gjennom 850 år. Men vi ser også framover. Borna og dei unge er ikkje framtida si kyrkje, dei er kyrkja i dag i lag med alle aldersgrupper. Vi inviterer til familiegudsteneste i Vereide kyrkje. Det vert oppstarten på 850-års jubileet for kyrkja. Lag og organisasjonar som arbeider med born og unge vil ta del. Denne festen vil vare meir enn tre dagar til ende.
Sokneprest Olaf Sigurd Gundersen
Song av Sandane Soul Children

Søndag 26. mai kl. 18: KORKONSERT – BERGEN DOMKOR

Seksstemte glas og himmelskodande vakker korklang.
Bergen Domkor, dir: Kjetil Almenning

Bergen Domkor kjem med vakker og variert musikk til jubileumskonserten i Vereide kyrkje.
Johann Sebastian Bach vart kalla den femte evangelisten, og er sjølvskriven i ein kyrkjekonsert der ein feirar historia. Motetten *Der Geist hilft unsrer Schwachheit auf* for to kor høver godt i pinsetida, sidan teksten frå romarbrevet lyder: «*På same måten kjem Anden oss til hjelp i vår maktløyse. For vi veit ikkje kva vi skal be om for å be rett, men Anden sjølv går i forbøn for oss med sukk utan ord. Og han som ransakar hjarta, veit kva Anden vil, for han bed etter Guds vilje for dei heilage.*»
Også den unge latviske komponisten Ēriks Ešenvalds har evna til å lage særeigen musikk som fengjer og fangar publikum frå aller fyrste tone. Bergen Domkor har tidligare framført pasjonsmusikk av denne komponisten, og lovorda var overveldande. Verka *Stars* og *Sun Dogs* tek ikkje utgangspunkt i bibeltekstar slik Bach gjer, men leikar seg i fascinasjonen omkring stjerner og himmelfenomen.
Felles for verka på konserten er at dei tek oss med på ei reise som vender blikket ut og set vårt jordiske liv i perspektiv, slik eit jubileum gjev perspektiv til tida.

Program:
Ēriks Ešenvalds (1977–) *Stars* (2011) Tekst: Sara Teasdale (1884–1933)
Johann Sebastian Bach (1685-1750) *Der Geist hilft unsrer Schwachheit auf* BWV 226
Ēriks Ešenvalds (1977–) *Sun Dogs* (2008)
Bergen Domkor
Siri Hilmen, cello
Hans Knut Sveen, orgel
Kjetil Almenning, dirigent Les meir på www.fib.no

Måndag 28. mai kl 20: VEREIDE KYRKJE. KYRKJESTAD OG KRISTENLIV GJENNOM 850 ÅR

Bokslepp i Vereide kyrkje. Presentasjon av jubileumsboka.
Ove Eide (red.): "Vereide kyrkje. Kyrkjestad og kristenliv gjennom 850 år"
Program ved forfattarane.

Onsdag 29. mai kl. 20: VESPER (Kyrkja er opa frå kl. 19.30)

Kveldsbøn etter gregoriansk tradisjon.
Tidebøner er ein arv frå urkristendomen. Dei første kristne vidareførte den jødisk tradisjonen med bøn til bestemte tider på døgnet, og med eit liknande hovudinnhald: Salmane i Bibelen. Dei viktigaste tidebønene var vesper (kveldsbøn), matutin (nattbøn) og laudes (morgonbøn). Gjennom mellomalderen vart tidebøn først og fremst praktisert i kloster og i kyrkjer der det var mange prestar, men i laudes og vesper deltok gjerne også lekfolket. Hovudinnhaldet var salmesong, dvs song av Davidsalmar, skriftlesing og bøn. Tidebønene var den daglege bøne- og lovsongstenesta, jfr. det latinske namnet på tidebønene: officium divinum - guddommeleg gjerning eller teneste, og det gamle norske namnet: tidagærd.

Torsdag 30. mai kl 20: RELIGIØS LITTERATUR FRÅ NORDFJORD

Biblioteket, Trivselshagen
Nordfjord har ein rik litterær tradisjon, med mange forfattarar som fortener merksemd. I samband med jubileet vil vi trekkje fram den rike arven med religiøs litteratur frå Nordfjord. Somme av forfattarane er vel kjende, som Orheim og Frimann, andre har fått mindre merksemd. Denne kvelden vil publikum få møte eit breitt utval forfattarar og tekstar, gjennom song, opplesing og føredrag – og gjennom ei utstilling av bøker. Elin Grytting, Margot Sande og Ove Eide vil ta publikum med på ei spennande reise gjennom mange generasjonars litteratur- og songarv.

Fredag 31. mai kl. 20: KONSERT

Per Kristian Skalstad: fiolin, Nora Taksdal: bratsj, Audun Sandvik; cello, Ann-Margrit Silfverhielm: sopran, Anders Rinde: orgel

Program:

L. v. Beethoven:	Stryketrio opus 3 i c-moll
J. S. Bach:	Utdrag frå Goldberg-variasjonane
John Stanley	Konsert for orgel og strykarar
J. S. Bach:	Mein glaubiges Hertze (arie frå pinsekantate)
J. S. Bach:	Preludium & fuge i G-dur

Laurdag 1. juni kl. 17.30: "HEILAGE SUNNIVA – EIN HYLLEST"

Festspela i Bergen, Bjørgvin bispedøme, Selje kommune og Gloppen musikkfest går saman om eit stort prosjekt denne laurdagen. Det startar i Bergen tidleg om morgonen, med båt til Selja. Der blir tingingsverket "Den heilage Sunniva – ein hyllest" av Therese Birkelund Ulvo og Maria Tryti Vennerød framført. Deretter går båtturen vidare inn Nordfjorden til kaia ved Vereide kyrkje. Her skal kyrkjejubileet feirast. Forfatter og middelalderarkeolog Alf Tore Hommedal fortel om kyrkja.
Musikalsk bind vi det irske frå Sunniva og Selja saman med det lokale og norske og presenterer både etablerte musikarar og songarar og unge lokale talent.
Unni Løvlid, Elin Pehrson Grytting, song - Even Nesgård, Elias Voll og Magnus Eide, gutesopranar - Per Kristian Skalstad, fiolin
Nora Taksdal bratsj - Audun Sandvik, cello - Anders Rinde, orgel. Les meir på www.heilagesunniva.no

Søndag 2. juni kl. 11: FESTGUDSTENESTE

Biskop Halvor Nordhaug, prost Rolv Schanke Eikum m fl. Vereide kyrkjekor m/forsterkningar
Messingkvartett: Per Håkon Oftedal, Otto Ose, Ann Karin W. Ose, Ole Henrik Mølmann
Strykarar: Per Kristian Skalstad: Nora Taksdal, Audun Sandvik.
Pauker: Thomas Aanonlie. Anders Rinde: Kantor
I starten av gudstenesta blir Kjell Mørk Karlsens tingingsverk til 850 års jubilèet framført.
Utgangsmusikk: Egil Hovland: Dette er dagen som Herren har gjort.

Søndag 2. juni kl. 13.30: JUBILEUMSMIDDAG PÅ NORDFORD FOLKEHØGSKULE

Etter festgudstenesta vert det festmiddag på Nordfjord folkehøgskule, med helsingar og litt program innimellom, bl.a. vert det prolog for dagen ved Asbjørg Apalset.

Pris for festmiddagen: Vaksne: kr. 400 - Barn over 4 år og under 13år: kr. 150 - Barn under 4 år: gratis.
Ver snar til å tinge plass. Det er avgrensa plass, først til mølla osv.

Påmelding til festen skjer pr brev til Vereide sokneråd 6823 Sandane, eller e-post til gfk@iventelo.net,
eller pr telefon til kyrkjeverja: 57 86 5616/ 902 06 828.
Betal til konto 3705.21.48619. Skriv kven betalinga gjeld for. Påmeldinga er gyldig når innbetalinga er registrert.

FOTOUTSTILLING på galleriet

GJENNOM HEILE JUBILEUMSVEKA kan publikum sjå ei fotoutstilling på galleriet.
Det er mange gamle foto, det eldste frå 1905. Bileta er samla inn frå mange kjelder, og dekkjer meste-parten av tida frå 1905 til i dag.
Dessutan blir det stilt ut ei stor avdeling med nyare bilete fotografert av Ronny Solheim, som også er hovudfotograf for jubileumsboka. Desse bileta vil vere til sals.

JUBILEUMSBOK, red: Ove Eide
Middelalderarkeolog og førsteamanuensis Alf Tore Hommedal er forfattar av hovudkapittelet, med arbeidstittelen: Ein stad til Guds ære. Kyrkjestad og kyrkje på Vereide fram til 1537. Han set staden og bygningen inn i ein lokal, regional og nasjonal samanheng. Artikkelen fortel om kyrkjestaden og kyrkja som ein stad for menneske i både sorg og glede – ein stad både for eit liturgisk "Te Deum", og for eit "De Profondis".

Torill Fjellestad skriv om tida rundt reformasjonen og like etter og Ove Eide om tida frå 1600 talet og til i dag.
Del II inneheld kortare artiklar av ulike forfattarar: Elin Grytting skriv om songen i kyrkja, Anders Rinde om instrumenta, Olaf Sig. Gundersen om kunsten i kyrkja og Arne Eikenes om kyrkjereisene i tidlagare tider. Boka vil vere rikt illustrert av både gamle og nye foto, og vil vere til sals på arrangementa gjennom jubileumsveka.

JUBILEUMSPROGRAM

Søndag 26. mai	kl 11:	Familiegudsteneste. Olaf Sig. Gundersen
		Song av Sandane soul children
	kl.18:	Konsert. Bergen Domkor, dir Kjetil Almenning
		Siri Himlen: cello
		Hans Knut Sveen: orgelpositiv
Måndag 27. mai	kl. 20:	Boklansering i Vereide kyrkje
		Program ved forfattarane
Onsdag 29. mai	kl. 19.30	Opa kyrkje for stille og bøn
	kl. 20	Kveldsbøn. Vesper etter gregoriansk tradisjon.
Torsdag 30.mai	kl.20	Litteraturkveld på biblioteket
		Religiøs litteratur frå Sogn og Fjordane.
		Ove Eide. Margot Sande og Elin Grytting.
Fredag 31.mai	kl.20:	Konsert.
		Per Kristian Skalstad, Nora Taksdal, Audun Sandvik, Ann-Margrit Silfverhielm og Anders Rinde.
Laurdag 1.juni:	kl.17.30	"Den heilage Sunniva - ein hyllest"
		Program i samarbeid med Festspela i Bergen.
		Alf Tore Hommedal fortel om kyrkja.
		Sjå www.heilagesunniva.no
Søndag 2. juni	kl.11:	Festgudsteneste. Biskop Halvor Nordhaug m.fl.
		Vereide kyrkjekor m.fl.

Paul Rune Daviknes, Aksel Rygg, Vegar Fagerli og Ingvild Fagerli.

Leiar for festen Britt Randi Heggheim

Medarbeidarfest

Tekst: Harald Aske Foto: Oddbjørn Almenning og Harald Aske

”Vi hadde slik lyst til å gje noko til alle frivillige medarbeidarar i alle sokna”, slik opna leiar for festen, Britt Randi Heggheim, denne trivelege kvelden. Så nemnde ho sokneråd, fellesråd, utval for trusopplæring, diakoni, redaksjonen i Kyrkjeblad for Gloppen, ansvarlege for andaktane på sjukeheimen, bønegrupper, lovsongsgruppa,Vereide kyrkjekor, Gimmestad kantori og alle tilsette. ”Her er fleire frivillige medarbeidarar, men vi fekk ikkje plass til fleire denne gongen”, forklarte ho.

Nemnda hadde sett saman eit allsidig og fint program med song og musikk, kåseri, diktlesing og biletserie. Karane i Gloppen Vocal Band framførte fleire friske songar, og sjølv om tekstane var på engelsk, fekk vi gode forklaringar på kva dei song om.

Og så var det høve til å møte kvarandre og få prate. Leiaren for Gloppen Kyrkjelege Fellesråd, Liv Øygard Solheim, tykte det var kjekt å møtast og oppleve at ein er mange som arbeider for kyrkja. Ho takka og overrekte gåve til Sigurd Vengen for tida han hadde vore prest i Breim og i Gimmestad og nemnde spesielt arbeidet han hadde utført med å samordne den nye liturgien i Gloppen.

Kyrkjeverje Kurt Djupvik takka og overrekte blomster til Bernt Reed for tida han har vore kyrkjetenar i Breim.

Asbjørg Apalset og Oddlaug Vereide hadde begge funne fram dikt dei delte med forsamlinga, Magni Vereide Kroken song og festen vart avrunda med ein biletserie laga av Ingrid Aske.

Arrangementet skulle vere til inspirasjon og påfyll for vidare innsats. Vi takkar for at vi også får vere med i frivillig teneste i kyrkja i Gloppen.

Medlemmene i Gloppen V B er frå v. Jakob Leiv Kroken, Trond Haugen, Per Ståle Husevåg, Roar Henden og Bjørn Aurlien.

Kyrkjeverjen i godt selskap: Frå v. Kurt Djupvik, Margret Aa Djupvik, Liv Øygard Solheim, Liv Holme, Asbjørn Gjengedal og Sveinung Susort.

Når Nordfjord Folkehøgskule står for matserveringa, er ein garantert å få god bevertning. Gjestane kosa seg med spekemat, salatar, bakverk, kaffi og dessert og mykje meir.

Fram til siste nyttår har Sigurd Vengen vore vikarierande soknepresti Breim og Gimmestad.
Til medarbeidarfesten hadde han fått utfordringa å halde kåseri.

- Kva gjer vi når vi trur?

Det er eit viktig spørsmål, ikkje minst etter at Stålsett-utvalet har lagt fram si innstilling. Barnetru er viktig. Men får ho vere med i livet, eller er det ei brannstasjon-tru ? (Godt at stasjonen er der, men eg håpar at vi aldri får bruk for han). Det er menneskeleg å tru, og vi må møte alle med respekt. Kristen tru er tru på Kristus. Tru er eit verb, og kjenneteiknet på kristen tru er å gjennomføre ei reise der vi viser omsorg, høyrer ordet, ber og syng. I alt dette blir vi truande og får lys over livet.

Det går ikkje å tru litt på Gud, like lite som det går an å vere litt gravid, men trua er alltid uferdig og blir til. Gud er alle stader, og Guds nåde kan vi ta imot der nåden vert delt ut. Når vi lever med dei fire B-ane: Bibel, Bøn, Brødsbrytinga og Brodersamfunnet så får vi den femte B-en: Bevart.

Sandane bedehus 90 år.

Tekst og foto: Harald Aske

Oddrun og Bertel Austrheim har vore trufaste brukarar av bedehuset. Bertel var tre år då huset vart bygt.

Ingebjørg og Magne Tennebø har nytta bedehuset i 65 år.

Framfor alle vart Hans Nielsen Hauge (1771-1824) grunnleggar av den frie lekmannsrørsla i landet vårt. Hauge var i Gloppen tre gonger rundt 1800, men det var og "lesarar" i Nordfjord før Hauge si tid. Der det ikkje var gudsteneste søndag, samlast dei i heimane og las Guds ord, song salmar og bad saman. Men vekkjingane som gjekk over bygdene, gjorde at det vart bruk for større lokale. Det første bedehuset i Nordfjord vart bygt på Nordfjordeid. På Rygg begynte dei å byggje bedehus etter ei vekkjing i 1918.

Jørgen Grønfur kom til Sandane 1921. "På Sandane vart det ei travel tid. Eg vart ganske snart vald til formann i ei Indremisjonsforeining på Sandane, og den første og største oppgåva vart å førebu byggjing av bedehus." Det er Jørgen Grønfur som har skrive dette i eit jubileumsskrift for Nordfjord Indremisjon 1879-1954. Ein annan stad kan vi lese:

"Det romslege og vakre bedehuset på Sandane vart bygt i 1923. Trekløveret Abigael Iversen, Jørgen Grønfur og kona Synnøve Grønfur gjorde opptaket til bygging av bedehuset. Dei fekk eit ord frå Bibelen som styrkte dei i trua på at det skulle gå. I Haggai 1,8 står det: " Far til fjells og henta timber og bygg opp templet, so eg kan ha hugnad i det og syna meg herleg, seier Herren."

Bertel Austrheim har fortalt til Kyrkjebladet at det var nettopp det dei gjorde. Særleg nemnde han at frøken Iversen var flink til å spørje bøndene rundt Sandane om dei kunne gje gratis tømmer til det nye bygget. Bertel er fødd i 1920 og var såleis tre år då huset vart bygt. Han kan hugse tilbake til barneåra på Sandane.

Sandane bedehus ein vinterdag 2013.

Frøken Iversen dreiv foreining for gutar i bedehuskjellaren. Der fekk dei finér, løvblad og løvsag til å skjere ut figurar med. Jørgen Grønfur var søndagsskulelæraren hans – for gutar over 10 år, men då var dei ikkje i bedehuset, men i huset der Sandane Gullsmedforretning er i dag. Frøken Iversen hadde dei minste borna i bedehuskjellaren.

- Dersom du skal trekke fram eit minne frå di tid i bedehuset – kva vil du nemne då, Bertel?

- Det må vere korøvingane med Jubilo. Vi øvde for det meste i bedehuskjellaren. Det var ei rik tid og godt å få vere med der. Og så vil eg nemne at Concordia, det kristne skulelaget ved Firda Gymnas, samarbeidde godt med oss på bedehuset.

- Har det vore faste møtedagar? - Ja, i mange år var det torsdagsmøte kvar veke. Ofte var det presten som hadde bibeltime.

*- Og kva vil du **Oddrun** trekkje fram som viktig for deg?* – Det var svigermor som fekk meg med, og då vil eg spesielt nemne bønemøta og kvinneforeininga. Dei var viktige for meg.

Ingebjørg og Magne Tennebø kom til Gloppen for 65 år sidan. Dei møtte kvarandre i Oslo der han jobba i resepsjonen i Staffeldtsgate og Ingebjørg for det meste på kontoret i Lutherstiftelsens forlag. Magne fortel: - Det var Anders Hansen som fekk meg hit opp. Han lurte på om eg kunne kome til Sandane og vere på kontoret på fabrikken. Eg vart der i 10 år, og deretter vart eg tilsett hos O.K. Henden. – *Men korleis kom de med i arbeidet på bedehuset?* Ingebjørg fortel: Det var Klara Aasen som skreiv brev til forloveden sin, Dagfinn, og sa at han måtte få oss med i arbeidet på bedehuset. - *Kva slag aktivitetar vart de med i?*

- Eg vart med i Jubilo heilt til koret la inn årane. Eg song tenor og likte meg godt i Jubilo.

Så er det Ingebjørg som skyt inn: - Eg møtte ein dag frk. Iversen som fortalde at dei hadde ei foreining, Snøklokka, og at eg måtte kome og bli med der. Etter kvart flytte vi møta til bedehuset der vi for det meste heldt til i Småsalen. Snøklokka arbeidde for Finnemisjonen eller Samemisjonen. *-Og de var med og fekk til Ungdomens laurdagskveld*. – Ja, det var Indremisjonens Ungdomsforeining som arrangerte desse kjekke kveldane. Og der var fullt av ungdomar som kom og tok del. Vi samarbeidde med Concordia, det kristne skulelaget på Firda. Der var festleg program og stor stemning. Vi ser tilbake på desse kveldane med stor glede. Ingebjørg kan også fortelje at lenge var det slik at etter kvar konfirmasjon vart konfirmantane innbedne til fest på bedehuset saman med foreldra. Somme år vart pensjonistane inviterte til festleg samkome, og dei som åtte bil måtte stille på og hente og bringe.

Av den yngre garde er det **Sandane Soul Children** som er faste brukarar av bedehuset. Dei øver i kjellaren, og då kyrkjebladet var på besøk, fekk vi vite at dei seier "kjellaren vår". På den måten gjev dei uttrykk for at her trivst dei og her høyrer dei heime. Her har dei lagra lydanlegget sitt, her får kor og solistar instruksjon og rettleiing av Magnhild og Per Ståle Husevåg, og her skaper dei eit åndeleg fellesskap. Sandane Soul Children skal vere med og synge på jubileumsfesten som er laurdag 6. april. Då skal tidlegare misjonær Hans Thore Løvaas vere festtalar, og der vert lagt opp til bibeltimar torsdag og fredag. Søndag er han talar på gudstenesta i Vereide kyrkje.

Anne Berta Kleppenes, ein trufast representant for NLM.

Eg vil vere eit barn i Guds heim

Kva har bedehuset betydd for deg? Slik lydde spørsmålet **Anne-Berta Kleppenes** fekk, og ho fortel: I april er det 45 år sidan eg kom til Sandane, og i april feirar Sandane bedehus sitt 90årsjubileum. 90 år er ein høg alder, og mykje har endra seg på den tida. "Men Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid." Hebr.13, 8. Og det er godt å vite.

Eg har ikkje noko klårt minne om fyrste gongen eg var i bedehuset. Men bedehuset har vore ein åndeleg heim for meg. Der har eg møtt nære og kjære. Der har vi samlast om Guds ord og Guds rikes arbeid. Det er godt å ha ein stad der ein kjenner at "her er eg heime. Eg vil vere eit barn i Guds heim". Det er med undring og respekt eg tenkjer på dei som fekk bygt opp bedehuset. Dei hadde visjonar. Dei såg kor viktig det var at dei truande kom saman og delte tankar frå Guds ord, at dei samlast til takk og bøn og samtale og vitnemål. Heile tida har nokon hatt ansvar for det som skjer i bedehuset. Slik er det også no. Eg vil takke hjarteleg for godt samarbeid i dei over 30 åra eg har hatt ansvar for Misjonssambandet sine tilstellingar i bedehuset. Godt å møte velvilje, omsorg og omtanke. Så ønskjer eg hjarteleg til lukke med 90-årsjubileet. Eg ønskjer og ber om Guds velsigning for framtida og helsar med Salme 32, 8: "Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå, eg vil la mitt auga kvila på deg og gje deg råd."

Frå Soknerådet si postkasse:

Vi er inviterte til fest - !

Midt i kvardagen kan det vere lett å gå seg fast i dei daglege utfordringane. Vi har mykje vi skulle ha gjort, og endå meir vi skulle ha tenkt på. Det skal leggast planar på kort og lang sikt, og vi skal passe på at vi har gjort dei rette vedtaka til rett tid. Mange spør oss om når vi har tenkt å gjere det eine eller det andre, og det er stadig noko vi har gløymt og blir minte på.

Oppe i dette er det ekstra kjekt å få eit brev som ikkje stiller eit einaste krav til oss. Dagens gledespost kom frå Normisjon i Sogn og Fjordane og Sandane Normisjon, og inneheldt ein invitasjon til 90-årsfeiringa for Bedehuset på Sandane.

Sjølv har vi mange gode minne frå Bedehuset – vi har vore der på torsdagsmøte, haust-takkefest, ungdomskveldar, Yngres-samlingar, vekkings-møte, julemesser og andre samkomer. Vi har vore der som tilhøyrar og programpost i begge etasjane, og det vakre biletet i fronten, med Vereidskyrkja mot kveldshimmelen, kan kallast fram på vårt indre filmlerret når som helst. Vi ser også føre oss den store, kvite isopor-klokka som hang der som dekorasjon på julefestane, og hugsar at vi tenkte på kva som ville hende om tråden ho hang i slitna og sleppte klokka ned på talaren som sto rett under. Dette seier kanskje noko om at talaren ikkje heilt hadde klart å fange merksemda til den vesle jentungen, men det skulle no godt gjerast å treffe alle aldersgrupper og, tenkjer vi i dag.

Eit slikt allsidig hus er sanneleg verd ei feiring, og det skal visst gjerast til gagns – tre heile dagar til ende og vel så det. Torsdag og fredag er det bibeltimar, laurdag er det jubileumsfest, og det heile blir avslutta med misjonsgudsteneste i Vereide kyrkje.

Og dette er vi altså inviterte til, som ein del av det kristne nettverket i bygda vår. Vi les invitasjonen ein gong til, og tenkjer at i alle fall noko av dette må vi prøve å få med oss. Det er godt at det blir invitert til fest av og til, og at ikkje berre blir det trivielle og kvardagslege som skal oppta oss. Takk til bedehusfolket som lagar til dette, og takk for at dei har tenkt på oss som oppheld oss utanfor den indre «bedehus-krinsen».

Vi gler oss, og sender frimodig invitasjonen vidare!

Aase R Sæther
leiar Gimmestad Sokneråd

Bli med på
OMRÅDESTEMNE og
ÅRSMØTE
for NMS-Nordfjord
søndag 14. april 2013
i Hyen kyrkje og i Samfunnshuset

11.00 Misjonsgudsteneste
v/ Kari Sørheim Skår
og Asbjørn Gjengedal
13.00 Middag
14.00 Årsmøte for NMS Nordfjord
16.00 Misjonsfest
Festtale og misjonsglimt
v/ Kari Sørheim Skår

Påmelding til middag (kr. 200)
til Eli Liv Aa 57869854 / 95768455
innan onsdag 3. april.

Bibeltimar og jubileumsfest

Torsdag 4. april
Bibeltime i Sandane kyrkje, kl 19:30-21:00.
"Bli i Jesus og Jesus blir i oss – bed og ber!"
Hans Thore Løvaas
Frisk Pris syng

Fredag 5. april
Bibeltime i Sandane kyrkje, kl 19:30-21:00.
"Ordnært og jordnært – om ordet og Ordet"
Hans Thore Løvaas

Laurdag 6. april
Jubileumsfest på Sandane bedehus, kl 16:00.
"Land, land, land. Høyr Herrens ord!" Hans Thore Løvaas, Sandane Soul Children, frå historieboka, kollekt og festmat.

Søndag 7. april
Misjonsgudsteneste i Vereide kyrkje, kl 11:00.
Asbjørn Gjengedal og Hans Thore Løvaas.

Hans Thore Løvaas
- er mangeårig misjonær og forkynnar i Normisjon. Han har god bakkekontakt, lun humor og masse kunnskap.

Sandane bedehus
- vart reist i 1923 av Indre Gloppefjords Indremisjons-foreining

Alle er hjarteleg velkommen!

Arr: normisjon

Jesus i Getsemane

Det var skjærtorsdagskvelden. Jesus og læresveinane hadde halde måltid saman, og Jesus hadde innstifta nattverden.
Så kom dei til ein stad som heitte Getsemane. Jesus var redd, men bad til gud:"Far,...ikkje som eg vil, berre som du vil."
Medan Jesus var i Getsemane, blei han teken til fange av soldatar.

Fargelegg denne teikninga.

Jesus døydde og stod opp att.

Slå opp Markusevangeliet, kapittel 15, og les versa 22 til 37, eller få nokon heime til å lese for deg. Då greier du å få mange rette her.

	1	X	2
1. Golgata tyder: 1) Hovudskallen X) gullgata 2) krosshøgda			
2. Kva ville dei gje Jesus å drikke? 1) vatn X) saft 2) vin med myrra i			
3. Når vart Jesus krossfesta? 1) klokka tolv X) den tredje timen 2) om ettermiddagen			
4. På plakaten på krossen stod det: 1) Guds lam X) Kongen over jødane 2) Guds Son			
5. Kva skjedde kring den sjette timen? 1) Jesus døydde. X) Det vart mørkt. 2) Jesus fekk drikke.			
6. Når kjøpte kvinnene angande olje? 1) skjærtorsdag X) langfredag 2) då sabbaten var over			
7. Kvinnene gjekk til: 1) Galilea X) byen 2) grava			
8. Når på døgnet hende dette? 1) då sola rann X) om kvelden 2) om natta			
9. Kven tala først til kvinnene? 1) Jesus X) vaktmennene 2) engelen			
10. Kor var det blitt av Jesus? 1) Læresveinane hadde stole lekamen hans. X) Kvinnene var komne til feil grav. 2) Gud hadde gjort han levande att.			

Fortel om det du ser her.



Kronerullingsnemnda for Fredly kyrkjegard. Frå v.: Ingolf Aagård, Synnøve Søreide, Marit Solhaug, Åshild Roset og kyrkjeverje Kurt Djupvik. Foto Anders Rinde

FREDLY KYRKJEGARD, KRONERULLING

Tekst: Kurt Djupvik

Orkanen «Dagmar» gjorde stor skade i vårt området. På Fredly kyrkjegard i Bukta vart mykje av den store skogen øydelagt. Store tre la seg over mange graver og det vart vanskeleg å stelle kring gravene. Skogen og det som skulle vere ein fin hekk, vart til ein «grov» skogsteig. Mange såg «elendigheita», men det var få som makta å gjere noko med det. Kyrkjeverja og Fellesrådet hadde ikkje midlar til å rydde.

Åshild Roset og Marit Solhaug går ofte på kyrkjegarden Fredly. Dei hadde sett kor ille det var, og no når Olav Flatjord pussa opp klokketårnet, burde ein også klare å rydde hekken og dei store trea.

Så var det dette med pengane då. Dei kom med ideen om kronerulling. Skulle vi få dette til måtte vi ha ei nemnd som tok seg av det. Synnøve Søreide og Ingolf Aagård sa seg villege å vere med i nemnda.

Saka vart sendt over til sokneråda i Gimmestad og Vereide. Etter at alt det formelle var klarert, sette nemnda i gong med arbeidet. Nemnda har hatt møte kvar veke, og i skrivande stund har «folket» gjeve over kr 180 000,- TUSEN TAKK TIL ALLE SOM HAR VORE MED SOM GJEVARAR.

Hekken og dei store trea er vekke. Trea måtte berre vekk, eller så kunne dei gjere skade både på folk og gravsteinar. Når telen no vert vekke skal vi sette opp gjerde kring gravstaden og plante til med ein fin grøn hekk.

Vi håpar at Fredly skal framstå som ein fin og lun kyrkjegard. Her skal alle kjenne seg heime og kunne minnast sine kjære.

Stor takk til dei som tok initiativet til kronerullinga, og til dei som har vore med i nemnda.

Åshild Roset og Marit Solhaug kom med ideen om kronerulling.

Klokketårnet er fint oppussa, men "Dagmar" har sett sine spor på gravplassen. Foto Firda tidnd

Her trengst det ei opprydding! Foto Firda Tidend

Store tre langs grensa mot aust blei lagde ned over kvrandre. Foto Firda Tidend

NOMIL NORDFJORD MILJØVERK Saman for eit betre miljø	NORDFJORD folkehøgskule	Eikenæs;libris Nordstrandsvegen 10, 6823 Sandane Tlf. 57 88 44 10 ● Telefax 57 88 44 19 eikenes@libris ● www.libris.no/eikenes
svale	ADVOKATANE LOTHE, MARDAL & GJENGEDAL M.N.A. Boks 138, 6821 Sandane Tlf. 57 88 44 00 www.gloppenadvokat.no post@gloppenadvokat.no	WAGNER savoy WOMENS CONCEPT KLE FOR ALLE ALDERSGRUPPER FRÅ INNERST TIL YTTERST FOR HAN OG HENNE
ØKO NOR Økonor Gloppen Telefon: 57 86 86 00 · E-post: gloppen@okonor.no	Sandane Gravferdsbyrå Christina og Arne Jostein Gimmestad Telefon 57 86 78 73 www.sandanegravferd.no Vi hjelper deg også med: - Gravstein - Oppsetting og tilsyn av same Ditt byrå i bygda	HYEN RØR GODKJENT FOR ANSVARSRETT TELEFON 97 03 92 28
Bolset Glass AS	Elkjøp Gloppen AS	Rekneskaps kontoret Gloppen AS
Vereide Blomster	Tannlege Øyvind Seim	Coop Vest SA
Leif Lothe elektriker	Ryssdal Kraft AS	Mardal Rør
Gloppen Kommune	Tystad Blomster	Henden Sport AS
Nordfjord Havbruk AS	**LEDIG**	

DÅPSBORN MED FADRAR

VEREIDE

27.01 -13
LINA SOFIE SVARSTAD
Anny Sefland
Linda S. Berge
Geir Ove Sefland Bjørlo
Stine S. Myrvoll
Monica Svarstad
Trond Kongshavn

24.02 – 13
SYNNE LANGLO GLOPPESTAD
Jarle Gloppestad
Harald Slettvoll
Kjersti Nyhagen Hole
Asbjørn Langlo
Karoline Madeleine Helgheim
Hege Støylen Alme

BREIM

09.12 – 12
HANNAH LOUISE VAN DUINEN
Brita Austrheim
Ståle Austrheim
Elin Austrheim Molvik
Bjarte Molvik

03.02 – 13
EMBLA ELINE LILLEMO EGGE
Jannike Dvergsdal Haugen
Malin Åmot
Jan Magne Kvellestad
Gunn Margareth Bauge

03.03 – 13
BALDER STEINSON FØRDE
Ronny Vårdal
Øystein Kristian Førde Sætervik

GIMMESTAD

03.03 - 13
EVEN GULE
Bjarte Lofnes Hauge
Børge Knutsen Nordal
Kristianne Gimmestad Gule
Lars Jonas Pedersen
Lise Rønnevig
Marianne Kvame

HYEN

10.02 -13
GABRIEL AA BERGE
Benedikte Aa
Nils Jøssang
Kristine Knutsen-Berge

JORDFESTE

VEREIDE

Margit Rye	f. 30.04.1927	d. 18.01.2013
Turid Anny Eide	f. 25.02.1935	d. 06.02.2013
Brit Svangtun	f. 25.04.1945	d. 13.02.2013
Dagfinn Svangtun	f. 13.10.1946	d. 22.02.2013
Erik Vereide	f. 04.08.1926	d. 28.02.2013

BREIM

Malfrid Bø	f. 02.07.1920	d. 24.01.2013
Anders Egge	f.12.12.1915	d. 02.03.2013

GIMMESTAD

Harry Johannes Gustavsen	f. 04.10.1940	d. 21.01.2013
Synnøve Mykland	f. 02.12.1933	d. 18.02.2013

HØYR HERRENS ORD!

Dette biletet står framme i Sandane bedehus. ”Land, land, land. Høyr Herrens ord“ er tittelen. Sokneprest Kristian M. Eckhoff har signert måleriet i 1923. Han var res. kap. i Gloppen i 17 år før han vart sokneprest 1912-1925.

At eit bilete av Vereidskyrkja står framme i bedehuset, kan symbolisere det gode samarbeidet det alltid har vore mellom kyrkja og bedehuskulturen i Gloppen.

Kyrkja takkar for nært samliv i 90 år, og ønskjer at samarbeidet skal vare ved vidare inn i framtida.